



Geir Ove Holsen
Tertneshøyden 26a
5113 Tertnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8681 - 22/98378

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
31.12.2022

Svar på førespurnad - gbnr 123/53 Risa

Vi viser til din førespurnad datert 08.11.2022 om bygning på eigedomen gbnr 123/53 Risa. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Bygning på eigedomen gbnr 123/53 er i matrikkelen registrert med bygningskode 162, heilårsbustad som vert nytta som fritidsbustad. Bygningskoden i matrikkelen viser faktisk bruk av bygget og dette er også i samsvar med dei opplysningane vi finn i kommunen sitt arkiv om at bygget er oppført som bustadhus, jf. tidlegare opplysningar gitt av Kart og oppmåling og dine opplysningar om at bygget vert nytta som fritidsbustad.

Det er nødvendig å søkja om bruksendring når eit byggverk skal takast i bruk til noko anna enn byggverket opphaveleg er godkjend for eller lovleg brukt til. Det same gjeld ved tilrettelegging for anna bruk. Bruksendring er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Søknaden må sendast inn av føretak som kan erklæra ansvarsrett, eventuelt kan heimelshavar søkja om ansvarsrett som sjølvbyggjar for tiltak til eigen bruk. Tiltaket må vera i samsvar med gjeldande arealplan.

Søknadsskjema finn du her: [Søknadsskjemaer for byggesak - Direktoratet for byggkvalitet \(dibk.no\)](#)

Aktuelle skjema ligg under fana for «Ett-trinnsøknad». Skjema for ansvarsrett for sjølvbyggjar ligg under fana for «Skjema for ansvarsrett».

Vi har lagt ved situasjonsplan og naboliste.

Tiltaket må nabovarlast, du må visa på kart kva eigedom tiltaket gjeld og leggja ved teikningar av bygget, samt gjera greie for tilkomst, parkering, vassforsyning og avløpsløyving.

Eigedomen ligg i område som i Kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, planid. 1263-200810) er avsett til byggeområde for fritidsbustadar. Bruksendring til fritidsbustad vil vera i samsvar med arealføremålet og byggegrensa mot sjø, men det vil vera nødvendig å søkja om dispensasjon frå det generelle kravet om utarbeiding av reguleringsplan som følgjer av føresegn 1.1 til planen.

Plankart og føresegner finn du her: [Alver kommune - Kommunedelplanar i Alver](#)

Dersom du har behov for ytterlegare rettleiing kan du be om førehandskonferanse. Skjema for det finn du her: [Alver kommune - Førehandskonferanse](#)

Vi gjer merksam på at både behandlinga av søknaden og førehandskonferanse er gebyrbelagte tenester.

Når det gjeld ditt spørsmål knytt til bygningskode 163 i forhold til kode 162, er bygningskode 163 «våningshus som vert nytta som fritidsbustad», det vil seia at koden er knytt til gardsbruk. Mangelfull utfylling av tilleggsopplysningar i matrikkelen har si årsak i at aktuell bygning er ein eldre bygning som er oppført før registrering i matrikkelen starta.

Avslutningsvis vil vi opplysa om at det er lite dokumentasjon om bygget i kommunen sitt arkiv og at du må senda inn oppdatert dokumentasjon dersom du meiner at opplysningane som vi har tatt utgangspunkt i ikkje er korrekte. Spørsmål knytt til Skatteetaten si vurdering av bygget som «sekundærbustad» må rettast direkte til dei. Kommunen kan berre svara på status for bygget og søknadsplikt etter plan- og bygningslov og matrikkellov.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart med plan - gbnr 123-53

Situasjonskart - gbnr 123-53

Naboliste gbnr 123-53

Mottakarar:

Geir Ove Holsen

Tertneshøyden 26a

5113

Tertnes